

LEIGE KONTRAKT

Ubygd areal

Utleigar: Hordaland fylkeskommune, org. nr. 938 626 367
Postboks 7900
5020 Bergen

Leigetakar: BIR Avfallsenergi AS, org.nr. 985 825 408
Postboks 6004 Postterminal
5892 Bergen

Følgjande avtale er inngått mellom partane:

1. Leigeobjekt

Avtalen gjeld nordre del av Magnusbakken - ca 5 da - på Stend vidaregåande skule, gnr. 97 bnr. 1 – Fana. Arealet skal nyttast til mellomlagring av næringsavfall. Avfallet er innpakka i plast som rundballer. Arealet er vist med grønn farge på vedlagte kart.

2. Vilkår

Det er leigetakar sitt ansvar å hente inn evt. nødvendige løyve frå styresmaktene til den aktuelle bruken av arealet, jf. pkt. 1.

Leigetakar er kjent med at arealet ligg på eit bossdeponi med gassbrønner og infrastruktur i samband med oppsamling av gass.

Leigetakar må sjølv opparbeide ei tenleg overflate på leigearealet

Langs grensa i sør/søraust må leigetakar opparbeide ei fysisk hindring som sikrar at avfallsballane held seg innafør leigeområdet.

Opning og omlasting av avfallsballane for vidare transport til forbrenningsanlegget skal skje lengst nord på leigearealet, og på ein slik måte at avfall ikkje kjem på avvegar inn på naboareala.

3. Leigetid

Avtalen gjeld i 5 år frå 01.01.2017 fram til 31.12.2021, med opsjon på vidare leige i 5 år.

4. Pris

Årsleiga er kr. 40.000,- pr.da.

Årsleiga skal betalast forskotsvis med forfall 15.mai kvart år. Årsleiga skal justerast kvart år – første gong i 2018 - i samsvar med endringa i SSB sin konsumprisindeks med basis i indeksen november 2016. Årsleiga vert fakturert frå utleigar.

5. Opphøyr

Ved opphøyr av avtalen plikter leigetakar - innen utgangen av leigetida - å fjerne alle etablerte installasjonar, og føre tilbake området til jordbruksformål inkludert eit velfungerande dreneringssystem.

Dersom utleigar ønskjer å vidareføre området som næringsareal, kan pkt. 5 i avtalen reforhandlast.

Leigetakar skal seinast 1 år før opphøyr av avtalen melde ifrå om sine ønskjer for leigearealet.

6. Tvist

Eventuelle tvistar som gjeld denne avtalen skal avgjerast ved frivillig voldgift.

Denne avtalen er utforma i 2 (to) eksemplar – eitt til kvar av partene.

Bergen, den / 2016

Hordaland fylkeskommune

Bergen, den 13/1/2016

BIR Avfallsenergi AS


BIR Avfallsenergi AS
org.nr. 985 825 408 mva

